

PLANOMTALE

# Reguleringsendring etter forenkla prosess for Detaljregulering for gnr. 163 bnr. 1, 4, 14 og 15 – Akvakultur Øyarhamn

Planid: 20120010

Gnr: 163 Bnr: 14

KVINNHHERAD KOMMUNE

Dato/revisjon: 16.09.2024, 25.10.2024, 07.02.2025

Forfatter: Omega 365 Areal AS v/KJS

Oppdragsgjevar: MOWI AS

Big enough to deliver  
Small enough to care

TITTEL		
Reguleringsendring etter forenkla prosess for Akvakultur Øyerhamn Kvinnherad kommune		
PLANID	DATO	REV - DATO
20120010	16.09.2024	25.10.2024, 07.02.2025
PROSJEKTNUMMER	VERSJON	
107853	01	
OPPDRAGSGJEVAR	OPPDRAGSGJEVAR REFERANSE	
MOWI AS	Reidar Våge	
UTFØRT AV	SIGN	
Kjerstina Særsten	Kjerstina Særsten	
KONTROLLERT AV	SIGN	
ELISABETH SILDE	Elisabeth Silde	
EKSTRAKT		
Reguleringsendring etter forenkla prosess, jf. § 12-14, 2. ledd i plan- og bygningslova då ein har sitt behov for å gjere nokre justeringar i gjeldande plan blant anna langs strandlinja når ein nå har komme i gong med vidare utbyggingsprosjekt ved eksisterande settefiskanlegg.		

## Innhold

<b>1. BAKGRUNN – FØREMÅLET MED ENDRINGA</b>	<b>4</b>
<b>2. PLANPROSESS</b>	<b>4</b>
<b>3. PLANSTATUS</b>	<b>4</b>
3.1 OVERORDNA PLANAR.....	4
3.2 GJELDANDE REGULERINGSPLAN OG TILGRENSANDE PLANAR.....	5
<b>4. SKILDRING AV PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON</b>	<b>6</b>
<b>5. SKILDRING AV REGULERINGSENDRINGA</b>	<b>7</b>
5.1 SKILDRING AV ENDRINGAR.....	7
5.2 ENDRINGAR AV PLANENS FØRESEGNER .....	11
<b>6. VURDERING AV VERKNADAR AV ENDRINGANE</b>	<b>11</b>
6.1 VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA KAP II.....	11
6.2 VERKNADAR FOR FISKERIINTERESSER OG FERDSLE PÅ SJØ .....	12
6.3 VERKNADAR FOR SAMFERDSLE.....	13
6.4 VURDERING AV RISIKO- OG SÅRBARHET .....	14
<b>7. AVSLUTTANDE KOMMENTAR/KONKLUSJON</b>	<b>21</b>
<b>8 VEDLEGG</b>	<b>21</b>

## 1. Bakgrunn – føremålet med endringa

Omega 365 Areal AS er engasjert av MOWI ASA til å utarbeide planforslag for endring av gjeldande detaljreguleringsplan for gnr. 163, bnr. 1, 4, 14 og 15 - Akvakulturanlegg Øyarhamn. MOWI driv settefiskanlegget i dag, og det er nå behov for ombygging og utviding som ikkje er heilt i samsvar med gjeldande plan.

Eigedomsstrukturen er nyleg endra, slik at bnr. 15 nå er slått saman med bnr. 14.

## 2. Planprosess

Ved endring av reguleringsplanar er det plan- og bygningslovas § 12-14 som gjeld.

Det er ikkje krav til varsel om oppstart av planarbeid ved utarbeiding av endringar etter forenkla prosess. Planforslaget vert sendt ut på høyring som del av varslinga om planarbeid.

For at ei reguleringsendring skal kunne handsamast etter forenkla prosess skal endringa:

- I liten grad kunne påverka gjennomføringa av planen for øvrig.
- Ikkje går utover planens hovudrammer
- Ikkje råke ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Det er fleire punkt som tilseier at endringa kan handsamast som forenkla prosess:

- Ein kjem til å vidareføre gjeldande reguleringsformål, endringane omfattar stort sett flytting av formålsgrenser eller mindre utvidingar av arealformål.
- Endringa vil ikkje råke ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.


Vurdering av om planendringa oppfyller vilkår for forenkla prosess etter pbl. § 12-14 går fram av kapittel 7 – Avsluttande kommentar til slutt i dokumentet.

## 3. Planstatus

### 3.1 Overordna planar

I gjeldande kommuneplan for Kvinnherad 2016-2026 er området vist med at gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde, formål er gjengitt som i reguleringsplanen. I føresegnene til kommuneplanen pkt. 2.2.2 inngår planen for Øyarhamn, og det er i føresegna sagt at dei opplista planane skal gjelda uendra. Uregulert arealformål i sjø er avsett til Fiske (VFI76) og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V54).

Planforslaget for ny arealdel (2050) har vore på høyring, og området er foreslått med same bruk i denne, men byggegrense mot sjø er justert og nå flytta ut samanfallande med formålsgrensa.




Figur 1 - Utsnitt av gjeldande kommuneplan for Kvinnherad, kjelde: [arealplaner.no/kvinnherad4617](http://arealplaner.no/kvinnherad4617)

### 3.2 Gjeldande reguleringsplan og tilgrensande planar

Gjeldande reguleringsplan er Detaljregulering for gnr. 163, bnr. 1, 4, 14 og 15 – Akvakulturanlegg Øyarhamn – Varaldsøy (ikraft april 2013). Reguleringsplanen er utarbeidd med tanke på å utvikle området med akvakulturanlegg på land. Tiltaket sitt omfang og behov for avklaringar kring konsekvensar for landbruk, kulturminne og miljø/natur gjorde at planarbeidet frå 2013 kom inn under krav til konsekvensutgreiing.

Den kommunale vegen gjennom området er planlagt ombygd og omgjort til privat fellesveg, og eit større område er avsett til anna næring, SF1-SF3. Sjøareala er delt inn formåla ferdsel og kombinert formål ferdsel/låssetting.



Figur 2 - Utsnitt Detaljregulering for gnr. 163, bnr. 1, 4, 14 og 15 - Akvakulturanlegg Øyarhamn – Varaldsøy, kjelde: arealplaner.no/kvinnherad4617

Det er ikkje tilgrensande reguleringsplanar og me er ikkje kjent med at det er pågåande reguleringsplanarbeid i nærleiken.


#### 4. Skildring av planområdet – dagens situasjon

Mowi har allereie eksisterande settefiskanlegg på eigedomen og det står ein bustad og nokre andre mindre bygningar innanfor anlegget. Området er soleis allereie i dag i stor grad nedbygd med bygningar og lagerareal.

Eigedomane er ikkje tilgjengelege for ålmenta forutan at det går ein kommunal veg til området.



Figur 3 - Flyfoto over eigedomane som syner at store delar av eigedomane er teken i bruk. Kjelde: kommunekart.com



Figur 4 - 3D Illustrasjon som syner eksisterande bygningar og anlegg. Kjelde: kommunekart.com



Figur 5 - Foto som syner eksisterande settefiskanlegg med tilhøyrande bygningar, Foto: Omega 365 Areal


## 5. Skildring av reguleringsendringa

### 5.1 Skildring av endringar


Ved planlegging for det nye anlegget er det lagt vekt på å følgje reguleringsplanen, men på nokre punkt har ein vore nøydd til å gjere justeringar, då mellom anna djupna ikkje er stor nok for båtar som skal kome inn ved regulert kai (sjå raude piler på plankarta under, som viser gjeldande og føreslått kaiformål). Ved opparbeiding av næringsområdet i samsvar med gjeldande plan er det naudsynt å fylle ut i sjø, og nytt føresegningsområde (felt #) i endringsforslaget regulerer for fyllingsfot i sjø. Fyllingsfoten vil bli liggande innanfor plangrensa, sjå figur 7 under. Ved anlegg som dette, er det naudsynt med sjøvasspumpestasjonar. Ny stasjon er planlagt der eksisterande ligg, men det er behov for noko utviding i sjø (sjå oransje piler).

Fleire av dei tilsette kjem i dag med båt, og det er også forventa ved det nye anlegget. For desse båtane er det ei flytebrygge for mindre båtar aust for næringsområdet, i forlenginga av området avsett til småbåtanlegg. Denne flytebrygga ligg utanfor regulert småbåtanlegg i gjeldande plan, men området er utvida med ca. 160 m<sup>2</sup> slik at den vert liggande innanfor formålet i forslag til nytt plankart (sjå grøne piler). Kvinnherad kommune har i samband med oppstart av planarbeidet meldt frå om at det er behov for 1m breitt sideareal langs regulert veg mot næringsområdet, som er ivaretatt i nytt plankart. Vegen er kontrollert opp mot gjeldande vegnorm for Kvinnherad og vegen er regulert i samsvar med dette.

Vidare har kommunen gjennom planprosessen bedt plankonsulent om å vurdere om vegstandarden på kommunal veg fram til settefiskanlegget er tilfredsstillande for framtidig trafikk. I dialog med kommunen er ein komme fram til at omlag 112 meter av vegen sørover treng ei utbetring i form av breiddeutviding. Det er sett rekkefølgjekrav for gjennomføring av vegutbetringa i samband med utbygging av næringsområdet.



Figur 6 - Utsnitt som viser gjeldande plankart (øvt) og endringsforslaget (nedst)



Figur 7 - Utsnitt av byggegrop med fyllingsfot i sjø (rosa linje) viser at fyllinga blir liggande innanfor føresegsområde (#) og går ikkje utover plangrensa


Tabell som viser arealoversikt og differansen mellom gjeldande plan og endringsforslaget;

Arealføremål	Endringer	Areal i gjeldande plan (m2)	Areal i planendringa (m2)	Differanse
Anna næring (1390)	Utviding for areal til sjøpumpeanlegg, reduksjon av arealet som følgje av at det skal regulerast for anna veggrunn langs veg.	23 705 m2	23 399 m2	-306 m2
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (1587)	Lita utviding for å inkludere flytebrygge for privatbåtar for tilsette ved settefiskanlegget	752 m2	911 m2	160 m2
Uthus/naust/badehus (1589)	Reduksjon grunna anna veggrunn – grøntareal med breidde 1 meter langs veg.	260 m2	234 m2	- 26 m2
Veg (2010)	Teknisk justering av linjeføring	2 066 m2	2 065 m2	- 1 m2
Køyreveg (2011)	Teknisk justering av linjeføring	234 m2	236 m2	2 m2

Anna veggrunn – grøntareal (2019)	1 meter breitt sideareal langs næringsområdet og naustområdet	2 663 m <sup>2</sup>	3 026 m <sup>2</sup>	363 m <sup>2</sup>
Kai (2041)	Utviding av kai for å få større djupne langs kai	1 275 m <sup>2</sup>	1 485 m <sup>2</sup>	210 m <sup>2</sup>
Ferdsl (6100)	Reduksjon som følge av utviding kai og småbåtanlegg i sjø	2 833 m <sup>2</sup>	2 571 m <sup>2</sup>	- 262 m <sup>2</sup>
Kombinerte formål i sjø og vassdrag (6800)	Reduksjon som følge av utviding næring og kai	5 093 m <sup>2</sup>	4 935 m <sup>2</sup>	- 158 m <sup>2</sup>
<b>SUM</b>		<b>38 881 m<sup>2</sup></b>	<b>38 881 m<sup>2</sup></b>	<b>0 m<sup>2</sup></b>

### Byggegrense mot sjø

Gjeldende reguleringsplan har fastsett byggegrense mot sjø (raud stipla linje på utsnittet under), men her ligg kaiformål og småbåtanlegg utan byggegrense. I og med at dette er byggetiltak, vil plan- og bygningslova § 1-8 om forbod mot bygging innanfor 100-metersbeltet langs sjø gjelde. Det er difor foreslått utvida byggegrense langs sjø (grøn stipla linje) som går på yttersida av sjøpumpenlegget i SF3, ytst langs kaiarealet og småbåtanlegget. Mot vest er byggegrensa sett 6 meter frå plangrensa, slik som i gjeldande plan. I gjeldande føresegner er det skreve at byggegrensa mot veg langs SF1 er 4,5 m frå senterlinje veg og 3,0 meter langs SF2, men byggegrensa går ikkje fram av plankartet. I forslag til nytt plankart er det fastsett byggegrense i samsvar med kva som står i føresegnene, dvs. 4,5 m frå regulert senterlinje langs SF1 og i formålsgrensa mot anna veggrunn langs SF2, 3,3 meter frå regulert senterlinje.



Figur 8 – Raud stipling viser byggegrense frå gjeldande plan, medan grøn stipling er forslag til ny byggegrense som omfattar område for sjøpumpenlegg, kai, småbåtanlegg i sjø med meir, etter som alle desse tiltaka er omfatta av pbl §1-8.

## 5.2 Endringar av planens føresegner

Gjeldande føresegner er vidareført, men føresegn knytt til utfylling i sjø (#) er ny, og føresegn knytt til plassering av byggegrense er oppdatert. Det er gitt føringar for plassering av inngjerdinga av settefiskanlegget.

I føresegnene er det sett planeringshøgde for næringsområda og kai. Planeringshøgde for næringsområdet som grensar til kaiformålet er sett til mellom +3,0 moh og +4,0 moh. For kai er planeringshøgde sett til ca. +2,0, og at mindre delar kan vere +1,2 moh. For at nivåforskjellen mellom SF1 og Kai ikkje skal bli for stor, er det forslag om å endre ordlyden til at nedre planeringshøgde er +2.0/+1.2 moh, for å opne for at kaien kan byggast høgare. Mowi har ved utbygging av eit anna settefiskanlegg sitt at stor terrengskilnad mellom kai og næringsområdet gir utfordringar med at dekket skråar for mykje ut mot sjø, som kan vere ei utfordring for eksempel når det er glatt.

Faresone for høgspent er tatt ut då leidningane er flytta. Rekkefølgekrav knytt til kulturminnevurdering av SEFRAK-registrerte bygg i planområdet er tatt ut, då desse bygga er rivne og kulturminnevurderinga er gjort i samband med det. Føresegna er difor ikkje relevant lenger.

Rekkefølgekrav knytt til omlegging av vegen (Veg) er endra, då det er tenkt at utsprengde massar frå ny vegtrase skal nyttast til utfylling/planering av byggeområda. Det må då kunne tillatast utbygging i felta i tida vegen vert bygd. Det er viktig at det til ei kvar tid er vegforbindelse gjennom planområdet, og dette er sikra i føresegna. Utbetring av kommunal veg sørover er og lagt inn som rekkjefølgjekrav.

## 6. Vurdering av verknadar av endringane

Ved reguleringsplanarbeidet første gong i 2013, vart det utarbeida konsekvensutgreiing for tema landbruk, naturmangfald, kulturminne, landskap, friluftsliv og strandsone, fiskeriinteresser, samferdsel og samfunn. Rådgivande biologar har utarbeida ny konsekvensutgreiing på oppdrag frå Mowi ASA, datert juni 2022<sup>1</sup>, for fagtema friluftsliv, naturmangfald og naturressursar som grunnlag for sjølve søknaden om utviding. Når det gjeld friluftsliv skriv Rådgivande Biologar; *Det foreligger ingen registreringer av statlig sikrede friluftslivsområder eller kartlagte friluftslivsområder innenfor de avgrensede influensområdene. Fagtemaet Friluftsliv vil derfor ikke bli omtalt videre.*

Planendinga legg opp til få og små endringar i forhold til gjeldande plan, og difor er det berre nokre av desse tema som er relevante å vurdere verknadane av endringane opp mot. Føreslåtte endringar er ikkje vurdert å få verknadar for kulturminne, landskap, friluftsliv, strandsone og samfunn.

### 6.1 Vurdering etter naturmangfaldlova kap II

Det er foreslått små endringar i forhold til dagens situasjon og gjeldande plan, og nye tiltak som planendinga legg opp til vil i stor grad etablerast i område der det allereie er utført inngrep eller der det er planlagt inngrep i gjeldande plan. Naturmangfaldet i området på land og i sjø er kartlagt av Rådgivande biologar hausten 2021. Utsjekk i ulike kartbasar på nett viser same situasjon nå som den gong. Det er ikkje registrert naturtypar på land og deltema er difor ikkje tatt med vidare i KU-vurderinga. Sjøbotn i utfyllingsområdet er kartlagt med dropkamera og det blei ikkje registrert viktige marine naturtypar. Inst i Øyerhamnvaagen er det avgrensa to blautbotnområde (får noko verdi), og elles har eit større influensområde verdi for vanlege artar og deira funksjonsområde (noko verdi).

*Tabell som viser kartlagde verdiar knytt til naturmangfald, henta frå KU rapporten til Rådgivande Biologar*

<sup>1</sup> Rådgivende Biologer AS – Utvidelse av Øyerhamn settefiskanlegg, Kvinnherad kommune – rapporten er vedlagt

Fagtema	Delområde	Type	Størrelse	Verdi
Natur-mangfold	1 Øyerhamn øst	Bløtbunnsområde i strandsonen	7	Noe
	2 Øyerhamn vest	Bløtbunnsområde i strandsonen	4	Noe
	3 Øvrig influensområde	Habitat for vanlige arter / hverdagsnatur	3197	Noe

Påverknad på naturtypar og artar i sjø er i KU rapporten knytt til utslepp som følgje av auka produksjon ved anlegget. Planendringa vil ikkje medføre ytterlegare påverknad i dette høve då det berre er snakk om noko meir arealbeslag; 170 m<sup>2</sup> sjøareal, som følgje av noko meir kaiareal og utviding av areal for sjøvasspumpeanlegget. Føresegningsområde (#) er ikkje medrekna då dette er fyllingsfoten for utvidinga av næringsarealet som allereie er regulert i gjeldande plan, men der fyllingsfot i sjø ikkje blei regulert inn på plankartet. Det utvida kaiarealet vil ligge i område over ny fyllingsfot, og er med det vurdert å ikkje få konsekvensar for naturmangfald utover noko meir arealbeslag, då sjøbotn vert endra her likevel.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert å vere godt (nml §8) med grunnlag i nyare kartlegging frå Rådgivande biologar. Følgeleg vert ikkje føre-var-prinsippet (§9) vektlagt i saka. I rapporten er det konkludert med at den samla belastninga (§10) ved utviding av anlegget vil vere omtrent lik i forhold til dagens anlegg, då det nye anlegget vil medføre betydeleg betre reinsing. Dei små planendingane vil ikkje påverke samla belastning ytterlegare. Det er ikkje grunnlag for å seie at det vil verte vidare behov for særlege tiltak for å redusere konsekvensane for naturmangfald jf. §11 og 12 utover det som allereie er sikra i planen frå før.

## 6.2 Verknadar for fiskeriinteresser og ferdsle på sjø

Rådgivande Biologer har i sin rapport konsekvensutgreia verknadane for naturressursar ved utvidinga av settefiskanlegget. Det finst to låssettingsplassar i nærleiken, der den som ligg nærast settefiskanlegget har svært stor verdi for brislingfiske, og også viktig i samband med fiske etter sild og sei. Både gyteområde for torsk og låssettingsplassen i Båtavika har fått middels verdi, og påverknad på desse er vurdert til ubetydeleg.

Tabell som viser kartlagde verdiar knytt til naturressursar, henta frå KU rapporten til Rådgivande Biologar


Fagtema	Delområde	Type	Størrelse	Verdi
Natur-mangfold	1 Øyerhamn øst	Bløtbunnsområde i strandsonen	7	Noe
	2 Øyerhamn vest	Bløtbunnsområde i strandsonen	4	Noe
	3 Øvrig influensområde	Habitat for vanlige arter / hverdagsnatur	3197	Noe
Natur-ressurser	A Båtavika-Steinbitmeset	Gyteområde for torsk	240	Middels
	B Vågen	Låssettingsplass for brisling, sild og sei	59	Svært stor
	C Båtavika	Låssettingsplass for brisling og sild	47	Middels

Rådgivande biologar konkluderer med at grunna arealbeslag ved utfylling i sjø (ca 4 daa), vil tiltaket medføre noko forverring for låssettingsplassen. I oppsummeringstabellen for samla konsekvensar går det likevel fram at den negative konsekvensen for låssettingsplassen er lagt mindre vekt på i samla vurdering, fordi det berre er ein liten del som vil verte påverka ved direkte arealbeslag og då det er usikkert om brisling som er plassert i steng her for korte periodar vil verte påverka av utslepp frå smoltanlegget. Påverknaden ved planendringa er ikkje vurdert å få større konsekvens då det er snakk om minimale utvidingar i forhold til det som er KU-vurdert tidlegare.

Både låssettingsplass og settefiskanlegget er avhengig av god ferdsle i området, og jamfør Havressurslova er det forbod mot å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng. I gjeldande reguleringsplan er det konkludert med at utvidinga i sjø er minimal og begge desse funksjonane vil ha tilstrekkeleg plass for manøvrering, og at sikkerheitssona rundt låssettingsplass også er ivareteke.

Avstanden på regulert utfylling og kai frå dagens strandlinje er ca 20 meter, og med ytterlegare utviding av deler av kaiarealet vil ein komme 26 meter ut. Utvidinga vil ligge heilt i søraustleg del av låssettingsplassen, og utgjer ei minimal endring i forhold til gjeldande plan. Avstanden frå ny kailinje til nordsida av vågen vil vere 164 meter (170 m i gjeldande plan). Ei så lita utviding av kaiareal medfører ikkje behov for utviding av areal for ferdsle i sjø.

Gjeldande føresegner har avbøtande tiltak for å sikre at det ikkje vert utført anleggsarbeid (sprenging og fylling) når det er fisk låssett i vågen av omsyn til fisken si helse.



Figur 9 - Kast- og låssettingsplass vist med raud skravur, kjelde: portal.fiskeridir.no

### 6.3 Verknadar for samferdsle

Framtidige planar for anlegget legg til rette for at meir av transporten til anlegget kan skje med båt, blant anna med etablering av forsiloar og oksygenanlegg på kaien. Planendringa vil ikkje medføre meir vegtransport.

I gjeldande plan er det regulert omlegging av den kommunale vegen, slik at den vert flytta på sørsida av settefiskanlegget og at den får privat eigarform. I gjeldande plan er det lagt til grunn dimensjoneringsklasse A3 «Tilkomstvegar for spreidd bustad» med anbefalt fartsgrense 30 km/t. Tilsvarande dimensjoneringsgrunnlag i gjeldande vegnorm for Kvinnherad kommune (2022)<sup>2</sup> er tilkomstveg A1, som jamfør kapittel 4.1 er karakterisert som stikkvegar i bustads- og næringsområde og andre typar vegar. Bygdevegar med under 10 bueiningar er òg medrekna her. Den regulerte vegen er tilpassa vogntrafikk fram til tilkomsten til settefiskanlegget (6 meter) før den vert smalna inn til 4,5 – 4.75 meter vidare vestover. I samråd med kommunen er det regulert inn anna veggrunn grøntareal med breidde 1,0 meter mellom ny veg og utbyggingsformåla på sjøsida. Sideareal på oppsida er regulert frå før. Regulert veg er vurdert å vera i samsvar med gjeldande vegnorm. I endringa er det lagt inn breiare vegskulder på siste del av strekninga då det her er fjellskjering langs vegen. Veglinjene er oppdatert slik at linjene består av rettlinjer og kurver med radius etter krav i kommunen si sjekklister, og det kan difor vere små avvik frå gjeldande plan på grunn av dette.

I anleggsfasen vil det naturleg vere meir aktivitet i Øyarhamn, men kor mykje meirtrafikk dette vil medføre på offentleg veg er noko uklart, då sjøtransport vil kunne vere eit alternativ. Sprengstein ved opparbeiding

<sup>2</sup> Kvinnherad kommune: <https://www.kvinnherad.kommune.no/vegnorm.591719.nn.html>

av området på land vil nyttast internt til utfylling i sjø. Anleggsfasen pågår i ein avgrensa periode, og veggen er ikkje i bruk av mange andre, slik at ulempene vil vere avgrensa.

## 6.4 Vurdering av risiko- og sårbarhet

Plan- og bygningslova § 4-3 set krav til vurdering av risiko- og sårbarheitsforhold i samband med utarbeiding av reguleringsplanar. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har rettleiar som angir metode for ROS-analysar<sup>3</sup>. Som vedlegg til rettleiaren finst det ei sjekklister av døme på uønskete hendingar. Med grunnlag i denne sjekklister, har me i lista under sjekka ut om hendingane er aktuelle for planforslaget, og grunngjeve kvifor/ kvifor ikkje. Hendingane er berre knytt opp mot dei endringane som er foreslått.

Er området utsett for eller kan planen medføre risiko for:	Aktuelt for planområdet ?		Grunngjeving/kjelde
	Ja	Nei	
<b>Naturhendingar:</b>			
Ras/ skred (steinsprang, snø, sørpe og lausmasseskred)		x	Atlas.nve.no, gjeldande reguleringsplan med skredfarevurdering – deler av området er omfatta av nokre mindre aktsemdområde for snøskred. I samband med gjeldande reguleringsplan vart skredfare vurdert av COWI, og konklusjonen var at eksisterande og planlagde tiltak har tilfredsstillande tryggleik mot skred (tryggleiksklasse S2). Nyare vurdering av snøskredfare er gjort i rapport i «Geoteknisk og geologisk rapport», 10-2019 <sup>4</sup> , og også denne konkluderer med svært lite sannsyn for snøskred. Det er ikkje faktorar som gjer at risiko for skred er vurdert å verte endra med planendringane.
Geoteknikk (bergartar, lausmassar og områdestabilitet)		x	Atlas.nve.no – området ligg under marin grense og er med det omfatta av aktsemdområde for kvikkleire. Område er registrert med bart fjell i lausmassekart og ortofoto viser at det er fast fjell fleire stadar i og utanfor planområdet. I NVE sin rettleiar NVE sin rettleiar 1/2019 <sup>5</sup> , prosedyre for utgreiing av områdeskredfare i kap 3.2, går det fram at ved påvist fast fjell ikkje er fare for marin leire. Sjå ortofoto under denne tabellen. I «Geoteknisk og geologisk rapport», 10-2019 er det også konkludert med at det er ingen geotekniske eller geologiske risikoelement ved settefiskanlegget.
Flaum (elv, bekk), overvatn		x	Atlas.nve.no – område kor det er planlagd endringar ligg ikkje i aktsemdområde for flaum. Flaumfare er vurdert i samband med gjeldande plan for området og i «Geoteknisk og geologisk rapport», 10-2019. Flaum er ikkje vurdert som reell fare.
Havnivåstiging, stormflo, høgvasstand, store bølger		x	Området ligg med nærleik til sjø, og det er i gjeldande reguleringsplan fastsett nedre byggehøgnd på 3 moh,

<sup>3</sup> DSB, [https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/samfunnstryggleik\\_i\\_kommunen\\_si\\_arealplanlegging.pdf](https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/samfunnstryggleik_i_kommunen_si_arealplanlegging.pdf)

<sup>4</sup> EADU AS, rapport «Geoteknisk og geologisk vurdering, Mowi Øyerhamn – rapporten ligg vedlagt

<sup>5</sup> NVE, [https://publikasjoner.nve.no/veileder/2019/veileder2019\\_01.pdf](https://publikasjoner.nve.no/veileder/2019/veileder2019_01.pdf)

			<p>som i følge planskildringa er av omsyn til havnivåstiging og stormflo. Flaum frå stormflo er vurdert i rapport «Geoteknisk og geologisk rapport», 10-2019. Anlegget er vurdert å ligge i sikkerheitsklasse F2 (sannsyn 1/200) jf. TEK17 §7.2. I rapporten er 200-års returnivå med klimapåslag berekna til 180 cm. Oppdaterte data på kartverket.no for framtidig havnivå, og nye anbefalingar om klimapåslag (år 2100) er lagt til grunn. I følge veileder «Havnivåstiging og høye vannstander i samfunnsplanlegging, juni 2024»<sup>6</sup> er det 83-prosentilen som skal leggest til grunn for klimapåslag. Det gir ei høgd på rett i overkant av 180 cm, som vil sei at planeringshøgda på 3 moh er tilstrekkeleg. Høgda på kai er i føresegnene sett til 2 moh, og med bølgepåverknad kan ein risikere at vatnet kjem over kaien.</p>
Ekstrem vind		x	Ikkje spesielt utsett eller tiltak som er spesielt sårbare for vind.
Skog- og grasbrannar		x	Endringane medfører ikkje auka risiko for skogbrann
<b>Andre uønskte hendingar:</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	
Trafikkulukker	x		Ikkje endringar som medfører endra risiko for trafikkulukker, endringane vil ikkje medføre meir trafikk til/frå området. Ny veg som regulert vil gi ei betydeleg vegutbetring i forhold til dagens veg, i samsvar med Kvinnherad kommune si vegnorm. Etter drøftingar med kommunen gjennom planprosessen, ynskjer dei ei oppdatert vurdering av tilkomstvegen til området utanfor planområdet. Sjå vurdering på side 16.
Skipstrafikk		x	Området ligg skjerma inne i ei vik, skipstrafikk vil vere til settefiskanlegget og kast- og låssettingsplassen i området. Endringa går ut på å regulere for kai med større djupne for å redusere fare for grunnstøt. Det er små utvidingar av kai og næringsområde, som ikkje vil ha noko å seie for manøvreringa i vika.
Industri og næringsliv i nærområdet		x	Fiskeriinteressene vart vurdert i samband med utarbeiding av gjeldande plan, då det er låssettingsplass like utanfor settefiskanlegget. Endringane medfører mindre utviding av næringsareal/kai, og er ikkje vurdert å få ytterlegare konsekvensar for fiskeinteressene i området.
Ureining (akutt og anna, ureining av grunn, deponi etc.)		x	Som over
Transport av/ulukke med farleg gods		x	Som over
Brann og eksplosjon. Innsatstid og kapasitet for naudetatane		x	Som over
Dambrot		x	Som over

<sup>6</sup> Direktoratet for samfunnssikkerhet: <https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/tema/havnivastiging-og-hoye-vannstander.pdf>

Støy til omgjevnadene		x	Ikkje endringar i forhold til gjeldande plan, støykrav er sikra i reguleringsplanen
Stråling (høgspenst linje, radon)		x	Ikkje aktuelt for desse avgrensa endringane knytt til eksisterande næring
Terrengformasjon (terrengformasjonar som utgjer spesiell fare)		x	Som over



Figur 10 - Foto som viser fast fjell i planområdet, kjelde: Norgebilder øvst og Omega 365 Areal nedst.

### **Vurdering av kommunal veg tram til planområdet**

Den kommunale tilkomstvegen fram til planområdet frå fylkesveg 126 er om lag 10 km og har på delstrekningar dårleg standard. I gjeldande planskildring er dette tilhøvet skildra slik: «*Drifta på settefiskanlegget fører ikkje til mykje trafikk på den kommunale vegen over fjellet. Det er stipulert ei last med oksygen per 14.dag etter utvidinga av anlegget. I dag er det ein til to tilsette som køyrer over fjellet. Ein veit*

*ikkje kor dei tilsette i framtida vil bu og må såleis pendle frå, men ein kan anta at ein til to personar i tillegg vil køyre bil til anlegget. Belastninga dette gir på den eksisterande kommunale vegen er minimal». Planendringa vil ikkje medføre endringar av trafikkbelastninga på vegen over fjellet og samsvarar med det som er skildra over.*

Det har vore møte med representantar frå Kvinnherad kommune undervegs i planprosessen, for å få eit oppdatert grunnlag for vurdering av vegtilhøva. Kommunen har nyleg gjennomført utbetringstiltak på 3 ulike plasser langs vegen. Det blei løyvd 3 mill. i kommunen sitt budsjett i 2023, og resterande pengar etter dei punktwise utbetringstiltaka er nytta til asfaltering. Brua i Øyarhamn vart på oppdrag frå Kvinnherad kommune inspisert 01.05.2024 av firmaet SafeControl BK som konkluderte med at det var skade av betydning for brua si bereevne og trafikktryggleik og at utbetringstiltak burde utførast.

I følgje representantar frå eining veg og park er ikkje den kommunale vegen god nok til vogntog, men kan nyttast av lastebil inntil 12,4 m utan tilhengar. Det er ikkje trafikk til og frå Mowi sitt anlegg med større køyretøy enn lastebil (12,4 m). Sommaren 2024 utførte kommunen sikringsarbeid på brua, og har etter det meldt tilbake at brua ikkje er til hinder for utbygginga av anlegget ved Mowi (sjå møtenotat frå møte 21.11.2024).



*Figur 11 - Bilete av brua etter utbetringa sommaren 2024, kjelde: Reidar Våge (nov 2024)*

Den siste delen av den kommunale vegen sør for planområdet, er både av kommunen og Mowi vurdert å vere utfordrande då den er smal og stig opp frå sjø og at det difor er bratt ned mot sjø, utan tilstrekkeleg sikring med rekkverk.



Vegen langs sjø ved brua som er vist over (t.v). Vegen frå der utbetringa vil starte, vegen stig opp frå sjø (t.h.), kjelde: Mowi v/Reidar Våge (nov 2024)




Strekninga som skal utbetrast mellom naustet (t.h.) og vidare inn i planområdet, kjelde: Mowi v/Reidar Våge (nov 2024)



Bilete sørover frå planområdet (t.v) og oversiktsbilete av området som skal utbetrast (t.h), kjelde: Mowi v/Reidar Våge (nov 2024)

I samråd med kommunen er det difor lagt til grunn at strekninga frå nauset sør for planområdet skal oppgraderast i samband med utbygginga. Løysninga blir å utvide innover i fjellsida på strekninga:



Figur 12 – Tverrprofil som viser prinsipp for utbetring av vegen

Utbetringa vil krevje at ein sprenger vekk meir fjell langs eksisterande fjellskjering for å oppnå vegbreidde på 5.0 m (inkl. skulder), samt grøft på innsida og moglegheit for etablering av rekkverk på ytersida. Det blir i forslag til føresegner sett rekkefølgekrav for gjennomføring av vegutbetringa, slik at vegen er oppgradert før det blir gitt bruksløyve til nye produksjonsbygningar ved Mowi sitt anlegg.

### **Konklusjon av risiko og sårbarhetsforhold:**

Det er små skilnader mellom gjeldande plan og planendringa. Det er likevel gjort ei ny vurdering av risiko- og sårbarhetsforhold ettersom gjeldande plan er nokre år gammal. For å sikre trafikktryggleik og god tilgjenge til området er det i samråd med kommunen sikra rekkefølgekrav for utbetring av deler av vegen fram til planområdet. Utover dette er det ikkje vurdert at endringane vil ha betydning for risiko- og sårbarhetsforhold.

## **7. Avsluttande kommentar/konklusjon**

Vilkåra for å endra ein reguleringsplan gjennom forenkla prosess er at endringa i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovuddrammene i planen og heller ikkje rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde, jf. pbl § 12-14 andre ledd.

Endringane er små og er framleis tiltak som skal legga til rette for utviding av eksisterande settefiskanlegg slik formålet med gjeldande reguleringsplan og er. Det er verksemda sjølv som har sitt at det er behov for nokre små justeringar i samband med detaljprosjektering av utbygginga. Desse justeringane vil **ikkje påverke gjennomføringa av planen for øvrig**, og det er snakk om små justeringar av formålsgrenser som ikkje går utover **hovuddrammene i planen**. Verknadane av dei føreslåtte endringane er skildra i kapittel 6 ovanfor. Det ligg føre oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturmangfald, naturressursar og friluftsliv, og jf. dette er det konkludert med at **endringane ikkje vil røre ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde**.

Vilkåra for handsaming etter forenkla prosess er med dette vurdert å vere oppfylt, me kan difor ikkje sjå at det er forhold som gjer at planforslaget ikkje kan handsamast etter pbl. § 12-14.

## **8 Vedlegg**

Vedlagte dokument følgjer planskildringa.

<b>Dokument</b>	<b>Dato</b>	<b>Revisjonsdato</b>
Plankart	07.02.2025	
Føresegner	07.02.2025	
209 Lengdeprofil Veg	04.02.2025	
305 Tverrprofilar Veg	20.08.2024	
Geoteknisk vurdering Mowi Øyerhamn , EADU AS	28.10.2019	
Konsekvensutredning – Rådgivende Biologer AS	13.06.2022	
Utfylt sjekklister for plankart	11.09.2024	